



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND

1977

Namnet på vatnet

Liljestrømløstvatn

Kommune

Gulhaug

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Oyvind Vasshaug.

F Ø L J E S V O L L V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 21. september 1977.

I 1968 starta arbeidet med analysering av fiskevatn opp her i fylket og Føljesvollvatnet var det fyrste som vart granska. Analysen vart den gongen foreteken utpå ettersumaren.

For å sjå om tilhøva hadde endra seg siden den tid, vart det saman med lærar Halgunset og 2 elevar ved Erfjord skule, teke ein ny analyse den 21/9-77.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet var 7.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul som indikerar eit eutrof eller næringsrikt vatn.

Surheita pH vart målt til 6.2 som er mykje godt for aure.

Innhaldet av kalk(CaO) er 3.25 mg/l og den totale hardheita 4.50 mg/l. Dette er bra samanlikna med andre analyserte vatn, og fører til små variasjonar i pH gjennom året.

Elektrisk leiingsemne = 32.16

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til følgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 7 fjærmygglarver, 3 muslingar, 1 vårfluge-larve, 1 stankelbeinlarve og 1 fåbørstemark - i alt 130 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat 12 fjærmygglarver, 2 damsneglar og 1 musling eller samla 150 individ pr. m².



Prøvene syner at mange arter av verdfulle næringsdyr er å finna. For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 6 fiskar. Her vart det funne stingsild, luftinnsekter, maur og diverse planktoniske krepsdyr.

Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m, og eit vertikal-trekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som fattige.

Fisk m.v.

Fiskeslaga er som før aure, stingsild og ål.
Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter
1 fangstnatt vart 77 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara, og
vidare på cm-klassar, vil dette grafisk framsynt sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 18 røde og 7 lys-røde i kjøttfargen.

Vidare var det 16 hanfiskar og 9 hofiskar.

Ein av fiskane var angripen av parasittar (måkemark).

8 fiskar (32%) var gytetisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.5	9.7	15.7	21.3	26.0	29.2
Årleg lengdetilvekst i cm	4.5	5.2	6.0	5.6	4.7	3.2
Antall fiskar	25	25	25	25	22	8

Medel kondisjonsfaktor = 1.00 tilseier fisk av god kvalitet.

Vi har på neste side sett opp ein vekstkurve for auren i Føljesvollvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, syner auren i Føljesvollvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst fram til 5-6 års alder og det må seiast å vera bra. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca. 35 cm og med K-faktor = 1.00 tilseier dette fisk på 430 gram. Medelstorleiken på auren er ca. 220 gram.

Konklusjon.

Ut frå dei foretokne prøvene må vatnet karakteriserast som relativt næringsrikt og med eit fiskebestand som stort sett står i eit rimeleg høve til det næringsforrådet vatnet byr på.

Dei kjemiske tilhøva er gode og faunaen i vatnet syner mange arter av verdfulle næringsdyr.


Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, syner fisk av ymse årgangar og storleikar.

Vekstkurve og K-faktor er fullt ut tilfredstillande.

Når tilhøva er såpass gode i Føljesvollvatnet skuldast dette for ein stor del nedslagsfeltet. Ymse gjødselstoff frå kultivert mark vil gjennom tilsiga bli tilført vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget.

At storparten av nedslagsfeltet likevel består av skogsmark, snau - fjell m.v. er positivt i dette høvet, då ein elles kunne ha risikert

overgjødning og forureining.



Ein annan ting som har gjort sitt til ein så bra fiskekvalitet er den utfiskinga som har vorte foreteken ned gjennom åra. Det er mykje viktig at dette blir gjort, då ein elles kan risikere overbefolkning. Einskilte av dei større prøvafiskane synte K-faktor på 0,80 (mager fisk) men desse blir borte i medelet. Gytetilhøva er tilfredstillande for å sikre rekrutteringa, og det er utfallsbekken som er hovudgytebekk. Ei viss formering foregår det sikkert også utanom denne.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarene til vatnet går saman og skipar til eit grunneigarlag (fiskelag), då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på. Straks grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske, medan grunneigarane sjølv står for det naudsynte garnfiske, for å halde bestandet i sjakk.

Fisken er i dag av god kvalitet, men dermed er det ikkje sagt at denne kan bli ennå betre, så ein kan med fordel skatte fisken noko hardare enn tilfelle er i dag. Vatnet er lite og oversikteleg og fiskebestandet lett å halde under kontroll. Ved hjelp av garnfiske kan ein regulere bestandet til det nivå ein sjølv måtte ynskje.

Då det er stingsild i vatnet, må ein gjera sitt beste for å halde måken borte. Det er som kjent dei faste måkestammene som held til ved vatnet som er dei mest farlege i så måte. Grav alltid fiskeslo og anna fiskeavfall forsvarleg ned.

Ålen er ein godt betalt matfisk (ca.kr. 20.00 pr. kg) så denne må grunneigarane nyttiggjera seg. Ved å montere ei ålefelle, event. ei åleruse, på ein høvande stad på utfallsbekken vil ein om hausten kunne fange utgangsålen. Det er helst under store flaumar at utgangsålen forlet vatnet.

Ved gransking av utfallsbekken synte det seg å vera mykje gjørme og ein viss fåre for tilslamming. Dette kan på noko sikt føre til rekrutteringssvikt og blir det aktuelt kan ein rette på tilhøvet ved tilføring av grus.

Elles er Føljesvollvatnet så avgjort eit av dei betre fiskevatna, og då det ligg særst Lageleg til på alle vis, må grunneigarane kunna gjere noko ut av dette med fiskekortsal.

Stavanger 28/2 1978

Einar Berg